

16.11.2022

Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

[post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

Org.nr. 977 275 490

Kontonr. 2085 07 15190

## Kven skal renne Innlandets vev?

I Innlandet har vi framleis folk som kan sy bunadar, renne ein vev, reparere verneverdige bygningar og bruke handverktøy. Det sørgjer m.a. husflidslaga, Fortidsminneforeningen, Slekt og data og Norsk folkedraktforum for gjennom aktiv kursverksemd. Vi har også teaterlag, seniordansgrupper, bygdekvinnelag, folkeakademi og ungdomslag som held kurs. Vi har er heldige og privilegerte som har tusenvis av menneske som brukar fritida si på å formidle tradisjonar, spreie kunnskap og lære bort praktiske ferdigheiter som har eksistert i hundrevis av år. Vil vi ikkje ha det slik i framtida?

Kvar veke har du rundt om i Innlandet moglegheit til delta på kurs i mange ulike emne. Slike kurs skjer gjerne i regi av små eller store lokale frivillige organisasjonar. Det skjer på Lesja og på Hamar, ja i alle kommunane og i eit vell av forsamlingshus, skolar og andre hus som er tilgjengelege. Dette gjer seg ikkje sjølv.

Innlandet fylkeskommune har kome med forslag til budsjett der heile tilskotet til Vofo Innlandet er foreslått kutta. Vofo løyser fellesoppgåver for studieforbunda, for organisasjonar og lokallag og er ein tydeleg bidragsytar til kompetanse-, kultur og frivilligpolitikk på feltet livslang læring både regionalt og nasjonalt. Innlandet fylkeskommune har ei gjensidig og forpliktande avtale med Vofo Innlandet, så fersk som frå 2020. Den har gjevne samarbeidsområde, roller, og eit definert formål. Dei to partane skal saman mellom anna synleggjera det totale opplæringstilbodet i Innlandet og sikre godt samspel mellom dei ulike aktørane på kompetanseområdet. Innsatsen frå partane skal samordnast og samarbeidet aukast for eit betre kompetanse- og opplæringstilbod i fylket. Det seier seg sjølv allereie her, at bortfall av tilskot ikkje berre er skivebom, men å somle seg bort på heilt ukjent skytebane. For å nå desse måla nemnet over, forpliktar avtalen frå 2020 fylkeskommunen til å bidra med eit årleg tilskot til Vofo og Studieforbunda på 970 000,- som kvart år skal lønns- og prisjusterast.

Kunnskapsformidling og opplæring er kjernetema i frivillig sektor. Dessverre blir ikkje samfunnsoppdraget til desse frivillige organisasjonane vekta på same måte som det offentlege tilbodet til institusjonane. Frivillig arbeid er ulønna arbeid for frivillige organisasjonar, og er ein føresetnad for at frivillige organisasjonar skal kunne gjennomføre opplæring og tilbod utan for høge kostnader. Dette er tiltak og aktivitetar som ofte gjer arbeidet til det offentlege enklare. Med andre ord; dette er noko det offentlege tener på. Det bidreg til samfunnsbygging, danning og tilhøyrsløse. Støtta til kursa utgjer berre ein liten del av dei totale kostnadane - kostnadar som blir finansiert gjennom frivillig innsats

I 2019, før pandemien, arrangerte studieforbund vårt 686 kurs for 4923 deltakarar i alle Innlandet sine kommunar. Vi jobbar oss jamt og trutt opp att og har håp om at vi i 2023 er attende på normalt nivå.

For studieforbundet vårt er tilskotet på 65.000 svært viktig. Tilskotet blir brukt til regionale samlingar for å dele erfaring, lære nytt, motivere og engasjere tillitsvalde og kurslærarar. Å halde liv i strukturen er avgjerande for at det frivillige feltet skal blomstre og gro, slik treng vi desse få kronene for å sikre at ikkje ljuset brenn ut.

Vi oppmodar fylkespolitikarane om å finne rom for framleis tilskot til Vofo og studieforbunda og ikkje bryte den inngåtte avtalen.

SKT Innlandet



Brita Rusten Åmot

Studieforbundet kultur og tradisjon



Kjærsti Gangsø